



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Levekårsutvalet
Møtedato:	22.05.2025
Møtetid:	09:00 - -10:00
Møtestad:	Kommunehuset. Sætremarka 2, Møterom Børilden

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Bjarte Næss	medlem	SP	
Lisbeth Oen	medlem	INP	
Linda Brandtun	medlem	U	
Helge Dyrkolbotn	medlem	U	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Terje Håland	LEDER	AP
Inger Lise Brekke	MEDL	H
Renee Hansen Semmingsen	MEDL	SAM

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Ingeborg Lohne Hordvik		SAM	Vara for Inger-Lise Brekke
Per Lerøy		AP	Vara for Renee Semmingsen
Oscar Føyen		H	Vara for Terje Håland

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Ellen Nygårdsmoen Kjelstrup Mejer	kommuneoverlege
Trine Merete Jansen	kommunalsjef
Anne Hildegunn Færøy	kommunalsjef
Kari Torkildsen Utkilen	einingsleiar kultur

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsléiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore, møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 18/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 19/2025	Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 3. april 2025	
PS 20/2025	Orienteringssak - informasjon til Levekårsutvalet 22. mai 2025	
PS 21/2025	Høyringsuttale - Prehospital plan i Helse Bergen HF 2025-2035	

PS 18/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 18/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Levekårsutvalet - 22.05.2025

Handsaming:

I dette møtet var nestleiar Helge Dyrkolbotn leiar, sidan leiar Terje Håland hadde forfall.

Utvalsleiar refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 18/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste
Levekårsutvalet - 22.05.2025

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 19/2025 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 3. april 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå 3. april 2025 vert godkjent.

Sak 19/2025 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 3. april 2025
Levekårsutvalet - 22.05.2025

Handsaming:

Utvalsleiar refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 19/2025 Godkjenning av møteprotokoll - frå Levekårsutvalet 3. april 2025
Levekårsutvalet - 22.05.2025

Møteprotokollen frå 3. april 2025 vart godkjent.

PS 20/2025 Orienteringssak - informasjon til Levekårsutvalet 22. mai 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Levekårsutvalet tek orienteringane til vitande.

Sak 20/2025 Orienteringssak - informasjon til Levekårsutvalet 22. mai 2025
Levekårsutvalet - 22.05.2025

Handsaming:

Kommunalsjef helse og velferd Anne Hildegunn Færøy orienterte om arbeidet med nytt helse- og omsorgstun.

- For denne saka vert det eit ekstramøte i Levekårsutvalet onsdag 4. juni klokka 13.00. I dette møtet deltek konsulentverksemda Sweco og orienterer om bakgrunnen for det tomtevalet som skal gjerast no før ein går vidare med arbeidet.

Linda Brandtun orienterte om informasjonsmøte 19. mai 2025 om oppstart av Natteravn i Austrheim.

- På møtet var det deltaking mellom anna frå politiet, som sette pris på at det vert starta opp natteravn. Det er alt kring 20 vaksne som har meldt seg, og det vert no jobba med ruter og planlegging. Ønskjer å gå nattevakt dei dagane det er ungdomsklubb. Var også deltaking på møtet frå MC-ravnane, som også vil svinga utom her. Konklusjonen på møtet er at behovet kanskje ikkje er det største no, men at dette kan ha ein førebyggjande effekt.

Kommunestyret gav i møtet 15. mai innspel til Levekårsutvalet, desse var notert i innkallinga til dagens møte i utvalet.

- Per Lerøy (Ap) viste til at talet på forfall har vore for høgt, når ein stiller på liste så må ein også stilla i møta. Pliktar å gje beskjed i god tid om ein ikkje kan stilla. Dette med lojaliteten til å møta må ein ta med seg i evalueringa.
- Helge Dyrkolbotn sa at det er fleire ting frå kommunestyret sin diskusjon ein kan ta med seg, må rekna med at det går noko tid for eit slikt utval å gå seg til.
- Ingeborg Lohne Hordvik sa at det er bra at ein i enkelte saker har sendt saker tilbake til utvalet når ein har sett at dette er sak som skulle vore oppe i Levekårsutvalet før kommunestyret.
- Kommunalsjef Trine Merete Jansen orienterte om at ein frå hausten vil starta opp igjen med felles planleggingsmøte/formøte for politiske møte, slik at alle i administrasjonen lettare kan ha oversikt og komma med innspel.
- Helge Dyrkolbotn viste til det som var nemnt om at leiar i utvalet må fronta sakene i kommunestyret, det må vera ei rutine.

Kari Utkilen orienterte om den rullerte "Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv".

- Legg opp til ein planperiode på 10 år, er krevjande å nå over om alle planar skal rullerast kvart 4. år.
- Etter de tala som vert registrerte er det litt låg deltaking i fysisk aktivitet, 15,6 prosent, men det er mange som er aktive utan at det vert registrert som aktivitet i eit idrettslag.
- Har fått god respons på høyringsrunden, og særleg gledeleg at mange unge vaksne har svara.
- Ser at mange ønskjer seg meir og betre kvalitet på det ein har, som turstiar.
- Viste til rulling av planen for spelemidlar, der prosjekt må vera på plass for å komma i køen for spelemidlar.
- Utvalet kom med innspel om at prioriteringane i handlingsprogrammet for idrettsanlegg, som er grunnlag for søknad om spelemidlar, må handsamast i

Levekårsutvalet i god tid før det skal handsamast av kommunestyret i desember. Slik kan utvalet gjera ei god handsaming til grunnlag for kommunestyret sitt vedtak.

- Planen vert utforma slik at plandelen varer i 10 år, medan handlingsprogrammet er eit vedlegg som vert oppdatert årleg.
- Per Lerøy ba om at det vart satsa slik at ein heller lagar veldig godt tilrettelagde turstiar, framfor å gjera litt mange stader.
- Ingeborg Lohne Hordvik oppfordra til å utvida samarbeidet med skulane om å la elevane delta i arbeidet med turstiar.

Utvalsleiar refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 20/2025 Orienteringssak - informasjon til Levekårsutvalet 22. mai 2025
Levekårsutvalet - 22.05.2025

Levekårsutvalet tok orienteringane til vitande.

PS 21/2025 Høyringsuttale - Prehospital plan i Helse Bergen HF 2025-2035

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet vedtek «Høyringsinnspel - Prehospital plan HB frå Austrheim kommune», slik det føreligg i vedlegget til denne saka.

Sak 21/2025 Høyringsuttale - Prehospital plan i Helse Bergen HF 2025-2035
Levekårsutvalet - 22.05.2025

Handsaming:

Kommuneoverlege Ellen N. K. Mejer og kommunalsjef helse og velferd Anne Hildegunn Færøy orienterte om saka, jamfør saksutgreinga.

Kommunalsjef helse og velferd Anne Hildegunn Færøy orienterte om at det er ein intensjonsavtale med Helse Bergen om ny ambulansestasjon. Ser dette opp mot Coop sine

planar om nytt senterbygg, kanskje kan ein ny ambulansestasjon komma inn der, heller enn å venta på eit nytt helse- og omsorgstun for samlokalisering med dette. Ein ny ambulansestasjon vil gje ei betre dekning ved vaktskifte og liknande.

Utvalsleiar refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i Levekårsutvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 21/2025 Høyringsuttale - Prehospital plan i Helse Bergen HF 2025-2035
Levekårsutvalet - 22.05.2025

Levekårsutvalet vedtok «Høyringsinnspel - Prehospital plan HB frå Austrheim kommune», slik det føreligg i vedlegget til denne saka.